Høgskolen i Telemark

Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

3004 FORRETNINGSJUS

07.12.2003

Tid: 4 timer

Målform: Bokmål/nynorsk

Sidetal: 4 + framside

Hjelpemiddel: Norges Lover og/eller annen offisiell lovtekst uten kommentarer.

Oppgave I

Lars Holm var bruktbilforhandler. I slutten av 2003 solgte han en brukt varebil til Peder Ås som Peder skulle bruke i sitt snekkerfirma. Bilen var 3 år gammel, hadde gått 50.000 km, og prisen var 100.000 kroner. Lars Holm hadde selv brukt varebilen og hadde kjennskap til at bilmotoren var langt mer slitt enn bilens alder skulle tilsi, men han opplyste ikke om dette. Han hadde imidlertid oppfordret Peder Ås til å undersøke bilen, men Peder hadde avslått. I kjøpekontrakten var det opplyst at bilen var solgt "som den stod". Prisen som Peder betalte var noe under markedspris i forhold til bilens alder og kjørelengde.

Etter å ha brukt bilen i syv uker, satte Peder bilen inn på verksted for service. Han fikk da opplyst at sentrale deler i motoren var nedslitte og måtte skiftes. Dette ville koste kr. 15.000. Bilen ble stående på verkstedet i 10 dager. Deretter gikk det ytterligere fem dager før Peder reklamerte. Fordi bilen ikke kunne brukes mens den stod på verksted, brukte Peder 5.000 kroner på å leie inn andre til kjøring.

Spm. 1: Var det mangel på bilen da den ble solgt til Peder Ås?

Spm. 2: Er et eventuelt erstatningskrav bortfalt på grunn av at Peder Ås ikke undersøkte bilen, selv om han ble oppfordret til det?

Spm. 3: Er det reklamert for sent?

Spm. 4: Peder Ås krever erstatning for reparasjonen på kr. 15.000 og for de 5.000 kronene han hadde i ekstrakostnader. Gir du han medhold?

Spm. 5: Kan Peder heve kjøpsavtalen?

Oppgave II

I mai 2003 låner Marte Kirkerud 100.000 kroner av sin venninne Kari Holt. I forbindelse med långivningen undertegner Marte på et ihendehavergjeldsbrev. Gjeldsbrevet har følgende tekst: "Jeg, Marte Kirkerud erkjenner å skylde ihendehaveren av dette gjeldsbrevet 100.000 kroner. Beløpet forfaller i sin helhet til betaling 1. januar 2005." I tillegg har gjeldsbrevet tittelen "Ihendehavergjeldsbrev". Det står intet annet på gjeldsbrevet.

Spm. 6: Kan Kari Holt kreve renter av Marte Kirkerud dersom hun betaler innen forfall?

I januar 2004 bryter bilen til Kari Holt sammen. Hun trenger derfor penger til å kjøpe seg en ny bil. Hun overdrar gjeldsbrevet til forretningsmannen Per Monsen som betaler henne 90.000 kroner for gjeldsbrevet. Venninneforholdet mellom Kari og Marte ble fullstendig ødelagt da Kari oppdaget at Marte hadde et forhold til hennes mann, og hun var glad for å ha kvittet seg med gjeldsbrevet for dermed å unngå enhver kontakt med Marte. I desember 2005 betaler Marte beløpet i sin helhet til Karis konto. Den 1. januar 2005 kommer imidlertid Per Monsen på besøk, viser fram gjeldsbrevet og krever Marte for gjeldsbrevets pålydende. Marte protesterer på det sterkeste og viser fram kvitteringen på at lånet er betalt. Per Monsen gir seg ikke.

Spm. 7: Kan Per Monsen kreve betaling av Marte Kirkerud?

Oppgave III

Familien Vold hadde bestemt seg for å kjøpe en ny snekke før sommeren. I løpet av våren måtte faren Ole plutselig reise på flere uforutsette forretningsreiser. Sønnen Preben, som var svært båtkyndig, ble engstelig for at båtplanene skulle gå i vasken og sa seg villig til å påta seg ansvaret for båtkjøpet. Ole var glad for dette og ga sønnen, som var 18 år, følgende skriftlige fullmakt:

"Hermed bemyndiger jeg min sønn, Preben Vold, til å slutte bindende avtale på mine vegne om kjøp av snekke for inntil kr. 40.000."

Fullmakten var datert og undertegnet av Ole Vold.
Noen uker senere gikk både familiens fjernsyn og vaskemaskin i stykker, til alles store fortvilelse. Neste gang Ole var hjemme gikk han til innkjøp av en ny vaskemaskin til kr. 5.000 og et nytt fjernsyn til kr 5.000. Samtidig ga han muntlig beskjed til Preben om å ikke kjøpe dyrere båt enn 30.000 kroner.

Preben tok kontakt med flere båtforhandlere rett etter at faren hadde reist. Det viste seg umulig å finne en snekke til kr. 30.000, men en dag fant han et kjempetilbud; en flott snekke til kr 45.000. Han bestemte seg for at dersom han fikk prutet snekka ned til kr. 40.000, ville han slå til. Dagen etter fikk han tilslag på tilbudet på kr. 40.000 av selger Johan Ås. Dessverre hadde Preben skiftet jakke før han gikk til Johan, slik at han ikke hadde med seg fullmakten. Men han henviste til denne og forklarte hva som stod i den. Johan kjente Preben fra før Selv om han visste at Preben, basert på erfaringer noen år tilbake, ikke var helt til å stole på, godtok han dette. Han trengte pengene og ville bli kvitt snekka. Han tenkte at Preben nå var blitt voksen og til å stole på. Kjøpekontrakten ble undertegnet pålydende 40.000 kroner. Båten skulle overleveres og kjøpesummen betales så snart faren kom hjem.

Da Ole Vold kom hjem ble han oppgitt, rett og slett fordi han ikke hadde mer enn 30.000 kroner. Han tok raskt kontakt med Johan og krevde å fri seg fra avtalen, noe Johan motsatte seg. Ole hevdet at sønnen hadde handlet i strid med farens instrukser, og at kjøpet var uforbindende for han.

Spm. 8: Er Ole Vold bundet av avtalen?

NYNORSK

Oppgåve I

Lars Holm var bruktbilforhandlar. I slutten av 2003 selde han ein bruka varebil til Peder Ås som Peder skulle bruke i snekkerverksemda si. Bilen var 3 år gamal, hadde gått 50.000 km, og prisen var 100.000 kroner. Lars Holm hadde sjølv bruka varebilen og kjende til at bilmotoren var langt meir slitt enn bilens alder skulle tilsi, men han opplyste ikkje om dette. Han hadde pppfordra Peder Ås til å undersøkje bilen, men Peder hadde avslått. I kjøpekontrakten var det opplyst at bilen var seld "som den stod". Prisen som Peder betala var noko under marknadsspris i forhold til bilens alder og kjørelengde.

Etter å ha brukt bilen i sju veker, sette Peder bilen inn på verkstad for service. Han fekk da opplyst at sentrale deler i motoren var nedslitne og måtte skiftast. Dette ville koste kr. 15.000. Bilen blei ståande på verkstaden i 10 dagar. Deretter gikk det ytterligare fem dagar før Peder reklamerte. Fordi bilen ikkje kunne brukast mens den stod på verkstad, brukte Peder 5.000 kroner på å leige inn andre til kjøyring.

Spm. 1: Var det mangel på bilen da den blei seld til Peder Ås?

Spm. 2: Er eit eventuelt erstatningskrav bortfalle på grunn av at Peder Ås ikkje undersøkte bilen, sjølv om han blei oppfordra til det?

Spm. 3: Er det reklamert for seint?

Spm. 4: Peder Ås krev erstatning for reparasjonen på kr. 15.000 og for dei 5.000 kronene han hadde i ekstrakostnader. Gjer du han medhald?

Spm. 5: Kan Peder heve kjøpsavtala?

Oppgåve II

I mai 2003 låner Marte Kirkerud 100.000 kroner av venninn si, Kari Holt. I samband med långjevinga underteiknar Marte på eit ihendehavargjeldsbrev. Gjeldsbrevet har følgande tekst: "Eg, Marte Kirkerud erkjennar å skulde ihendehavaren av dette gjeldsbrevet 100.000 kroner. Heile beløpet forfaller til betaling 1. januar 2005." I tillegg har gjeldsbrevet tittelen "Ihendehavargjeldsbrev". Det står ikkje noko anna på gjeldsbrevet.

Spm. 6: Kan Kari Holt krevje renter av Marte Kirkerud dersom ho betalar innan forfall?

I januar 2004 bryt bilen til Kari Holt saman. Ho treng difor pengar til å kjøpe seg ein ny bil. Ho overdrar gjeldsbrevet til forretningsmannen Per Monsen som betalar henne 90.000 kroner for gjeldsbrevet. Venninneforholdet mellom Kari og Marte blei fullstendig ødelagt da Kari oppdaga at Marte hadde eit forhold til hennar mann, og ho var glad for å ha kvitta seg med gjeldsbrevet for såleis å unngå einkvar kontakt med Marte. I desember 2005 betalar Marte heile beløpet til Karis konto. Den 1. januar 2005 kjem Per Monsen på vitjing, viser fram gjeldsbrevet og krev Marte for gjeldsbrevets pålydande. Marte protesterar på det sterkaste og viser fram kvitteringa på at lånet er betalt. Per Monsen gjer seg ikkje.

Spm. 7: Kan Per Monsen krevje betaling av Marte Kirkerud?

Oppgåve III

Familien Vold hadde bestemt seg for å kjøpe ei ny snekke før sommaren. I løpet av våren måtte faren Ole plutseleg reise på fleire uforutsette forretningsreiser. Sønnen Preben, som var særs båtkyndig, blei engsteleg for at båtplanane skulle gå i vasken og sa seg villig til å ta på seg ansvaret for båtkjøpet. Ole var glad for det og ga sønnen, som var 18 år, følgjande skriftlege fullmakt:

"Hermed bemyndigar eg min sønn, Preben Vold, til å slutte bindande avtale på mine vegne om kjøp av snekke for inntil kr. 40.000."

Fullmakta var datert og underteikna av Ole Vold.
Nokre veker seinare gjekk både familiens fjernsyn og vaskemaskin sund, til alles store fortviling. Neste gong Ole var heime gjekk han til innkjøp av ei ny vaskemaskin til kr. 5.000 og eit nytt fjernsyn til kr 5.000. Samstundes ga han munnleg beskjed til Preben om å ikkje kjøpe dyrare båt enn 30.000 kroner.

Preben tok kontakt med fleire båtforhandlarar rett etter at faren hadde reist. Det viste seg umogleg å finne ei snekke til kr. 30.000, men ein dag fann han eit kjempetilbod; ei flott snekke til kr 45.000. Han bestemte seg for at dersom han fekk pruta snekka ned til kr. 40.000, ville han slå til. Dagen etter fekk han tilslag på tilbodet på kr. 40.000 av seljar Johan Ås. Dessverre hadde Preben skifta jakke før han gjekk til Johan, slik at han ikkje hadde med seg fullmakta. Men han viste til ho og forklara kva som stod i ho. Johan kjende Preben fra før. Sjølv om han visste at Preben, basert på erfaringar frå nokre år tilbake, ikke var heilt til å stole på, godtok han dette. Han trengte pengane og ville bli kvitt snekka. Han tenkte at Preben nå var blitt vaksen og til å stole på. Kjøpekontrakta blei underteikna pålydande 40.000 kroner. Båten skulle overleverast og kjøpesummen betalast så snart faren kom heim.

Da Ole Vold kom heim blei han oppgitt, rett og slett fordi han ikkje hadde meir enn 30.000 kroner. Han tok raskt kontakt med Johan og krevde å fri seg frå avtala, noko Johan motsette seg. Ole hevda at sønnen hadde handla i strid med farens instruksar, og at kjøpet ikkje var bindande for han.

Spm. 8: Er Ole Vold bunden av avtala?